

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

10.03.2022

postmottak@ulstein.kommune.no

Gravplass Ulstein

Vi viser til pågåande debatt og sak.

Etter innsyn i saka må vi påpeika at omsynet til jordvern synest klart å mangla som grunnleggjande premiss for arbeidet.

Jordvern er difor ikkje tilstrekkeleg omsyntatt ved framlegging av alternativ.

Vi må minna om at Jordlova seier at all dyrka og dyrkbar jord er verna.

Kommunedelplanen for landbruk vedteken av kommunestyret den 25.11.2021, sak nr. 107/21 tilseier maks 5 daa avgang av dyrka mark til andre føremål enn matproduksjon, jf. pkt. 3.3. i planen.

Til slutt må det nevast at alle signal tilseier, av mange grunnar, at dyrka og dyrkbar jord vil få eit sterkare vern i framtida. Det vil vera feil av kommunen setja dette til sides.

Ut frå det vi kan sjå er det heller ikkje gjort vurderingar på om eksisterande utbygd/nedbygd areal kan omgjerast til formålet.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen